



KVALITETSPLAN FOR FITJARSKULEN 2023 – 2028

1 FORMÅLSPARAGRAFEN VÅR

NO HAR ME GÅTT TI ÅR PÅ SKULEN OG SKAL VIDARE I LIVET. ME GLER OSS!

Når me ser oss tilbake, ser me at skulen har betydd dette for oss:

Lærarane våre har opna dører for oss mot verda og framtida. Me har fått læra om og forstå historia me er ein del av og kulturen me kjem frå.

Skulen og foreldra våre har bygd verdiar i oss. Me har fått respekt for det enkelte mennesket sin verdi og for naturen rundt oss. Me har lært oss å setja pris på at me har fridom til å tenka og til å gi uttrykk for kva me meiner. Skulen har lært oss å vera glade i og ta vare på menneska rundt oss. Me har lært å tilgi kvarandre, ta vare på kvarandre og tenka at alle menneske er like mykje verdt.

På skulen har me fått møta og forstå den kulturen me er ein del av – både her i landet og i heile verda. Lærarane våre har vist oss at det finnest mange kulturar og fellesskap. Me har lært å visa respekt for andre sine meiningar, og me har lært korleis me kan delta i eit demokratisk og likestilt samfunn. Skulen vår har motarbeidd alle formar for diskriminering.

På skulen har me fått kunnskap, ferdigheiter og haldningar som vil hjelpe oss å meistra liva våre og takla dei oppgåvene og utfordringane me kjem til å møta. Me har fått lyst til å læra meir og til å delta i arbeid og fellesskap i samfunnet – og me har fått tru på at me har mykje å bidra med.

I timane har me fått lov til å vera kreative, engasjerte og utforskande. Me har fått utfordringar som har gitt oss lyst til å læra. Me har lært oss å tenka vitskapeleg og kritisk, og me har lært oss å handla etisk og miljøbevisst.

Dei vaksne i skulen har møtt oss med tillit, respekt og krav. Dei har gitt oss lov til å ta ansvar og til å vera med å påverka. Me har lært å fungera i fellesskapet og jobba godt i lag med andre.



Skulen sin formålsparagraf sett frå eit elevperspektiv.

2 INNHALD

1	Formålsparagrafen vår.....	1
3	Føringar for planarbeidet.....	3
4	Målsettingar.....	8
4.1	Tema i planen.....	8
5	Skulebruksplanen sin kvalitetsdel.....	10
6	VISJON OG VERDIGRUNNLAG.....	12
6.1	Visjon.....	12
6.2	Verdigrunnlag.....	12
7	Prinsipp for fitjarskulen sin praksis.....	14
7.1	Våre tre prinsipp.....	14
8	Satsingsområda for 2023 – 2028.....	19
8.1	Den inkluderande skule i Fitjar – Alle skal med.....	19
8.2	Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.....	21
8.3	Oppvekstreforma – ny barnevernsreform.....	21
9	Skulefritidsordning.....	22
10	Skulehelsetenesta.....	23
11	Kvalitet i skulen.....	24
12	Skuleleiar si rolle i kvalitetsarbeid.....	25
13	Kvalitetssystem.....	26
14	Kvalitetsutvikling.....	27



Foto: Øvrebygda skule

3 FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Både lovar, forskrifter og ulike rettleiingar frå nasjonale styresmakter gir føringar på innhaldet i ein slik plan. Under følgjer dei føringar som er mest aktuelle for skulebruksplanen. Det er lenka til dei fullverdige tekstane, medan det er synt til noko særskilt viktig tekst.

3.1 NASJONALE OG INTERNASJONALE FØRINGAR

- [Opplæringslova](#)
- [Forskrift til opplæringslova](#)
- [Læreplanverket Kunnskapsløftet](#)
- [FNs Barnekonvensjon](#)
- [Barnelova](#)
- [Barnevernlova](#)
- [Likestillings- og diskrimineringslova](#)
- [Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular](#)
- [Barnehagelova](#)
- [Arbeidsmiljølova](#)
- [Internkontrollforskrifta](#)
- [Folkebibliotekloven](#)
- [Kulturskuleloven \(§ 13-6 i Opplæringslova\)](#)
- [Kulturlova](#)
- [Lov om film og videogram](#)

3.2 FNs BARNEKONVENSJON

Barnekonvensjonen er teken inn i norsk rett ved lov om menneskerettar av 2003. Konvensjonen forpliktar kommunen til å vektleggja barn sitt beste, mellom anna i saker om skulestruktur.

I artikkel 3 nr 1 i konvensjonen heiter det:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, eller administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Dette inneber at det i vurdering av skulestrukturen må vurderast kva som er best for barna, og omsynet til barna må takast med i vurderinga av alternativ.



Foto: Rimbareid skule

3.3 FNs BEREKRAFTSMÅL

FNs berekraftsmål er sentral i all kommunal planlegging. For kvalitetsplanen for skule vil det vere desse måla som er styrande for arbeidet:



God helse og livskvalitet er viktig for barns læring og utvikling. Dette er sentrale tema i overordna del for skulen, rammeplan for SFO og i dei nasjonale føringane, dømme st.mld. 6.



God utdanning vil gje gode utviklingsmoglegheiter for alle barn og unge i val av utdanning og arbeid.



Likestilling mellom kjønn skal komme fram i det inkluderande fellesskapet som alle barn og unge skal oppleve på skulen og i SFO.



Mindre ulikskap skal synast i korleis elevane sin kvardag er på skulen og på SFO. Elevane skal oppleve å ha dei same moglegheitane for læring og utvikling.

FNs BÆREKRAFTSMÅL



Elles er 3 hovudprinsipp styrande for planlegginga:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre-var» prinsippet til grunn

Dette inneber mellom anna at me skal vera med på overgangen til lågutsleppssamfunnet og ein sirkulær økonomi. Innbyggjarane skal bli inkluderte. Me skal fremja likestilling, førebyggja negative, sosiale forskjellar og alle skal oppleva tryggleik og trivsel. Innovasjon og nyskaping skal bli fremja i både offentleg og privat sektor.

Helsefremjing i all planlegging inneber at materielle og sosiale kvalitetar har positiv påverknad på helse. Folkehelselova ligg til grunn. Kommunen er i gong med miljøfyrtårnsertifisering av alle skulane.

3.4 LÆREPLANVERKET

Skuleeigar har eit overordna ansvar for at elevane får opplæring som er i tråd med læreplanverket.

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til Opplæringslova og skal styra innhaldet i opplæringa.

Heile læreplanverket er grunnlaget for opplæringa, og dei ulike delane heng tett saman og må brukast saman: Overordna del utdjupar skulen sitt verdigrunnlag og det grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa. Læreplanane for faga beskriver faga sitt innhald og mål.

Gjennom arbeid med faga skal skulen leggja til rette for at elevane når dei faglege kompetansemåla, slik dei er skildra i fagplanane. Samstundes er det i arbeidet med faga skulen skal realisera opplæringa sitt breie formål, slik det er skildra i formålsparagrafen og overordna del av læreplanverket.

Skuleeigar og skuleleiar har saman ansvar for at skulen har nødvendig kompetanse, og å sørgja for kompetanseutvikling i tråd med det læreplanverket krev. Skuleeigar skal stilla nødvendige ressursar til disposisjon, og sørgja for rammer som gir skulane moglegheit til å setja seg inn i og ta læreplanverket i bruk på ein god måte.

3.5 OPPLÆRINGSLOVA

Opplæringslova er eit sentralt dokument ved utarbeiding av ein slik plan.

Sentrale føringar vil vera:

- Elevane sitt arbeidsmiljø (§ 9.a)
- Formålet med opplæringa
- Organisering av elevar i klassar/grupper
- Skulestorleik
- SFO/leksehjelp
- Fysisk aktivitet (forskrift)
- Medverknad
- Integrering og inkludering
- Nærskuleprinsippet
- Skyss
- Skulebibliotek, inventar, utstyr og læremiddel
- Skulemiljø
- Uteområde

Kompani Lauritsen. Foto: Rimbareid skule



3.6 REGIONALE FØRINGAR

- [Regional planstrategi 2020-2024](#)
- [Regional kulturplan 2019-2027](#)
- [Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017-2030](#)

3.7 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Fitjar kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen har følgjande fokusområde for barn og unge:

- Sikre barn og unge kompetanse for framtida
- Nytte barn og unge sine eigne ressursar gjennom medverknad
- Gje barn og unge oppleving av fellesskap og å høyre til
- Arbeide systematisk for å gje alle like moglegheiter
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats og sikre gode helsetilbod som er retta direkte mot barn og unge

s. 8 Kommuneplanen sin samfunnsdel

3.8 KOMMUNEN SIN ØKONOMIPLAN

- Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden. For skuleåret 2022/2023 er andelen av spesialundervisning på 6,8 %.
- Auka læringsutbyte. Heva verdiane slik at verdiane ligg minimum på nasjonalt nivå målt på nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn. Vert skriven inn i økonomiplan 2023 – 2026.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
- “Fitjar for alle”. Sikra sosial utjamning for barn og unge


3.9 KOMMUNEBAROMETER FOR ÅRET 2022

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her er kommunane rangert etter nøkkeltal og sektorar.

Grunnskulen i Fitjar kommune kom på 81.plass (av 356 kommunar) på Kommunebarometeret for 2022.

3.10 KART OVER SKULESTRUKTUREN I FITJAR KOMMUNE

Krinsane Osterneset og Strando tilhører Rimbareid skulekrins.



Fysisk aktiv læring. Foto: Selevik skule

4 MÅLSETTINGAR

Det er eit overordna mål å sikra høg kvalitet i skulen og effektiv bruk av ressursane innanfor dei rammene kommunen rår over. Målet med planarbeidet er vidare å komme fram til ein struktur for skule som er tilpassa endra føresetnader og som er eit godt grunnlag for langsiktig planlegging, og som er tilpassa føringar i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplanen.

Skuleanlegga i Fitjar skal vere tilpassa skuledrift i tråd med sentrale og lokale retningslinjer og planer. Dei skal tilpassast slik at dei også skal vere tenlege for innbyggjarane i dei ulike krinsane. Og dei skal utformast slik at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytte skulen sine lokaler. Skulen sine lokale skal også inkludera andre kommunale tenester der det er aktuelt, til dømes skulehelsetenesta.

Planen skal elles medverka til:

- Sikra at skuleareala er godkjent etter gjeldande lov- og regelverk
- Sikra ein stabil skulestruktur
- Sikra akseptabel reisetid i samband med skuleskyss
- Sikra likeverdig og godt skuletilbod for alle elevar
- Sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- Sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- Sikra nok skuleareal inne og ute


4.1 TEMA I PLANEN

- Kvalitet i skulen
- Satsingsområde for perioden 2023 – 2028
- Faktainformasjon om kvar skule, kapasitet og standard m.m.
- Skulane sitt fysiske miljø
- Skulestorleik og økonomi
- Investeringsoversikt/handlingsplan
- Konsekvensar for drift og vedlikehald
- Elevantvikling med dagens struktur/opptaksområde
- Kringsgrenser og nærskuleprinsippet
- Skulehelseteneste
- Skuleveg og skuleskyss/trafikktryggleik
- Skulefritidsordning - SFO



Grand Prix. Foto: Øvrebygda skule

Kvalitet i skulen



Å rusta for framtida

Kva kompetanse vil elevane trenga i framtidas samfunn?

- Fagspesifikk kompetanse
- Å kunne læra – livslang læring
- Å kunne kommunisera, samhandla og delta
- Å kunne utforska og skapa

Ja, kva GJER me då?

Korleis skal me jobba for å få det til?

- I undervisninga?
- I møte med elevane?
- I profesjonsfelleskapet?

5 SKULEBRUKSPLANEN SIN KVALITETSDEL

Kvalitetsplanen skal bidra til å oppretthalda og vidareutvikla eit skuletilbod med høg kvalitet i fitjarskulen. Planen skal synleggjera kva som er skulen si komplekse oppgåve og kva me skal strekkja oss etter for å skapa ein best mogeleg skule for alle elevane i kommunen. I tillegg er kvalitetsplanen eit viktig verktøy for å prioritera korleis me skal bruka ressursane for å oppnå dei måla me har sett oss.

Skulen sitt breie samfunnsoppdrag er beskrive i Opplæringslova §1-1 – Formålsparagrafen. Her blir det framheva at skulen skal utvikla kunnskap, verdiar og haldningar hos elevane, som gjer dei i stand til å meistra liva sine delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Det er dette som er skulen si overordna oppgåve. Skulebruksplanen sin kvalitetsdel (heretter omtalt som kvalitetsplanen) skal vera eit verktøy i skulen sitt målretta arbeid for livsmeistring. Kvalitetsplanen har derfor målsetjingar om fagleg og sosial læring, både for enkeltindividet og for fellesskapet.

Kvalitetsplanen skal bidra til å skapa heilskap og samanheng slik at elevane våre opplever å bli møtt med gode, felles verdiar og haldningar gjennom heile skuleløpet.

Planen skal òg klargjera for alle som har ei rolle i fitjarskulen, både tilsette, føresette og skuleeigar, kva som er våre målsetjingar, fokusområde og tiltak – og synleggjera kvar som er våre teikn på god praksis.


Kvalitetsplanen er eit forpliktande dokument og eit arbeidsreiskap for alle som er tilsette i skulen. Han skal vera ein felles plattform for arbeidet vårt. Alle skulane er forplikta til å ta kvalitetsplanen i bruk. Rektor og skulen si leiing skal, saman med dei andre tilsette, gi kvalitetsplanen sine satsingsområde eit innhald som fremjar utvikling av den enkelte skule sin praksis til beste for elevane si læring og utvikling.

Kvalitetsplanen stiller forventningar til skuleleiar si rolle om skuleutvikling og kvalitetsvurdering. Rektor og skulen si leiing har eit særskilt ansvar for å leggja til rette for eit lærande profesjonsfellesskap der tilsette i skulen reflekterer over, vurderer og vidareutviklar praksisen sin.

Kvalitetsplanen tar utgangspunkt i viktige styringsdokument for grunnskuleopplæringa:

- [Overordna del av læreplanverket](#)
- [Læreplanar – Kunnskapsløftet 2020](#)
- [Tett på – tidlig innsats \(Meld. St.6 \(2019-2020\)\)](#)
- [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis](#)

Kvalitetsplanen sine satsingsområde tek utgangspunkt i læreplanverkets overordna del.




Mens dei ulike fagplanane gjer ramme for fagleg innhald, grunnleggjande dugleikar i faget og vurdering, rettar planen merksemda mot prinsipp for læring, utvikling og danning som skal vere felles for alle skulane i Fitjar. Satsingsområda i planen er både ei vidareføring av viktige område i tidlegare kvalitetsplanar og val av nye satsingar i samsvar med fagfornyninga.

Kunnskapsdepartementet har satt følgjande mål for grunnskuleområdet:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Departementet forventar at målsettinga skal danne grunnlag for prioriteringar av faglege mål og temaområder, og for utvikling av nye tiltak og verkemiddel.

Strategien omhandlar prioriterte kommunale føringar fram til 2026. Den einskilde skule kan i tillegg velje eit eget satsingsområde som forankrast i skulen sitt rådsorgan.



6 VISJON OG VERDIGRUNNLAG

6.1 VISJON

Elevane i fitjarskulen er engasjerte, nysgjerrige og robuste. Dei opplever lærelyst og meistringsglede og strekker seg etter seg nye faglege og sosiale mål. Elevane opplever at dei som enkeltindivid har verdi og betydning. Dei viser respekt for og tar vare på seg sjølv og andre, og dei bidrar positivt til fellesskapa som dei er ein del av.

6.2 VERDIGRUNNLAG

Formålsparagrafen i opplæringslova utgjer verdigrunnlaget for grunnopplæringa. Fitjarskulen sin visjon tar opp i seg ei rekke av dei verdiane som samla utgjer formålsparagrafen - og elevane og føresette si tilbakemelding om kva som kjenneteiknar ein god skule.

Den gode skulen gir elevane kunnskap, ferdigheiter og haldningar som hjelper dei å meistra liva sine og takla dei oppgåvene og utfordringane dei kjem til å møta. Han gir elevane lyst og kompetanse til å læra stadig meir og til å delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.


I den gode skulen får elevane stimulert nysgjerrigheit, lærelyst og meistringsglede gjennom tilrettelagt, utforskande og praktisk undervisning. I timane er elevane engasjerte, undersøkjande og kreative, og dei får utfordringar som gir dei lyst til å læra. Dei lærer å tenka vitskapeleg og kritisk.

Den gode skulen er inkluderande. Alle elevar skal oppleva tilhøyr i eit skulefellesskap prega av gode relasjonar, omsorg og gjensidig respekt. Dette gir eit godt og naudsynt utgangspunkt for at elevane kan læra og utvikla seg.



Foto: Selevik skule

Å vera i ein læringsprosess kan tidvis opplevast krevjande og sårbart. Å øva på det me enno ikkje meistrar krev at me er robuste og motstandsdyktige, at me tør å feila og at me har tillit til at me får naudsynt hjelp og tilrettelegging, støtte og oppmuntring undervegs.




Illustrert av Linnea Stokken

Når me meistrar det som er utfordrande, opplever me meistringsglede – som er avgjerande for ny motivasjon og framtidig meistringstru. Over tid er det denne krevjande prosessen som skapar kompetanse i å lære og dei andre kompetansane elevane treng for å vera rusta for framtida.

Elevane møter *autoritative* vaksne i skulen. Det vil seia at dei vaksne møter elvane med varme, forståing og respekt, samstundes som dei formidlar tydelege krav og forventingar til elevane. Elevane skal oppleve at dei blir høyrte og sett, samstundes som dei òg lærer seg å fungera som ein del av fellesskapet som dei er ein del av. Slik skaper skulen eit trygt og godt læringsmiljø, der både enkeltelevne og fellesskapet blir tatt i vare. Den gode skulen møter elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal får utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

Det er viktig å tilpassa opplæringa i samarbeid med elevane og heimane. For å lukkast trengst det eit lærande profesjonsfellesskap som engasjerer seg i skulen si utvikling.



7 PRINSIPP FOR FITJARSKULEN SIN PRAKSIS

7.1 VÅRE TRE PRINSIPP

«Skolen skal møte elevene med tillit, respekt og krav, og de skal få utfordringer som fremmer danning og lærelyst. For å lykkes med dette må skolen bygge et godt læringsmiljø og tilpasse undervisningen i samarbeid med elevene og hjemmene. Det krever et profesjonsfellesskap som engasjerer seg i skolens utvikling.»

Overordna del

I fortsetjinga følgjer ei kort skildring av kvar av desse prinsippa og ei oversikt over kva elevar, føresette og tilsette reknar som teikn på god praksis. Tekst som er i kursiv er henta frå Overordna del.

1. LIVSLANG LÆRING: NYSGJERRIGE ELEVAR – GJENNOM TILRETTELAGT, UTFORSKANDE OG PRAKTISK UNDERVISNING

«Barn og unge er nysgjerrige og ønsker å oppdage og skape. I opplæringen skal elevene få rike muligheter til å utvikle engasjement og utforskjertrang. Evnen til å stille spørsmål, utforske og eksperimentere er viktig for dybdelæring. Skolen skal respektere og dyrke fram forskjellige måter å utforske og skape på. Elevene skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenkning, estetiske uttrykksformer og praktiske aktiviteter.»

TEIKN PÅ GOD PRAKSIS

Elevane sine kjenneteikn:

Undervisninga:

- Me lærer best med leik og aktiv undervisning
- Når me forstår, og får oppgåver med passeleg vanskegrad
- Moglegheit for fokus, arbeidsro og kvile
- Samarbeid med kvarandre

Føresette:

- Foreldre som vise interesse, engasjere seg og hjelper
- Foreldre som er støttande uansett karakter
- Foreldre som gjer oss niste eller frukost

Tilsette:

- Når lærarar engasjerer oss og lærarane er engasjerte



Foto: Selevik skule

Føresette sine kjenneteikn:**På skulen**

- Trekka læringa inn i aktivitetar slik at ein kan læra på nye måtar
- At det vert teke i bruk meir praktisk læring og fysisk læring.
- Utfordringane må stå i forhold til ferdigheitene
- Engasjerte og flinke lærarar som er tydelege
- Fokus på god klasse miljø trivsel og samhald

Me foreldre:

- Oppmuntra, hjelpa og støtta eleven
- Skape gode rammer og struktur kring heimearbeid
- Engasjere seg i det som skjer på skulen



Alle foto: Selevik , Øvrebygda og Rimbareid skule

2. INKLUDERANDE SKULE

I den inkluderande skulen opplever den enkelte elev sosialt tilhør og sosialt fellesskap med jamaldrande. Samstundes er opplæringa tilpassa evner og behov, slik at eleven lærar og utviklar seg både menneskeleg og fagleg. Dette prinsippet inneheld derfor to delar: Gode relasjonar og Tilpassa opplæring.

a. GODE RELASJONAR

«Et raust og støttende læringsmiljø er grunnlaget for en positiv kultur der elevene oppmuntres og stimuleres til faglig og sosial utvikling. Trygge læringsmiljøer utvikles og opprettholdes av tydelige og omsorgsfulle voksne, i samarbeid med elevene. De ansatte på skolen, foreldre og foresatte og elevene har sammen ansvar for å fremme helse, trivsel og læring, og for å forebygge mobbing og krenkelser.

Skolen må gi tydelig uttrykk for hva den skal og kan tilby og hva som forventes av hjemmet. God og tillitsfull dialog er et gjensidig ansvar. Skolen må imidlertid ta hensyn til at ikke alle elevene har samme mulighet til å få hjelp og støtte i hjemmet.»

Overordna del

TEIKN PÅ GOD PRAKSIS

Elevane sine kjenneteikn:

Når me oppleve:

- Det er trygt når dei vaksne trur på deg
- Når du har gode vener
- Lyttande vaksne som har tid til ein prat
- Kunne seie meiningane sine og snakke fritt utan å bli erta eller mobba
- Når nokon kjem bort og vil vera med deg

Når våre føresette:

- er støttande
- viser interesse, engasjerer seg og vil hjelpe



Foreldre sine kjenneteikn:

- God kommunikasjon og låg terskel for å ta kontakt
- Aktivt SU/FAU/SMU
- Fokus på godt klassemiljø, trivsel og samhald
- Elevane vert sett og følgt opp
- Godt samhald og samspel på tvers av alder, kjønn og interesser, som gjer både auka trivsel og sosial kompetanse


Foto: Selevik skule

b. TILPASSA OPPLÆRING

«Tilpasset opplæring er tilrettelegging som skolen gjør for å sikre at alle elever får best mulig utbytte av den ordinære opplæringen. Skolen kan blant annet tilpasse opplæringen gjennom arbeidsformer og pedagogiske metoder, bruk av læremidler, organisering, og i arbeidet med læringsmiljøet, læreplaner og vurdering.

Rette til tilpasset opplæring innebærer at alle elevene skal kunne oppleve skolehverdagen som faglig, sosialt og emosjonelt meningsfull. Elevene har ulike utgangspunkt, bruker ulike læringsstrategier og har ulik progresjon i forhold til fastsatte kompetansemål. Alle elever, også de med stort læringspotensial, har rett til tilpasset opplæring.»

Tilpassa opplæring – ulike dimensjonar



Utfyllende informasjon om tilpassa opplæring finn du på [Utdanningsdirektoratet sine heimesider](#).

TEIKN PÅ GOD PRAKSIS**Elevene sine kjenneteikn:**

- Når me opplever varierte arbeidsmåtar
- Praktiske oppgåver
- Når me forstår, og får oppgåver med passeleg vanskegrad

Føresette sine kjenneteikn:

- Trekke læringa inn i aktivitetar slik at ein kan læra på nye måtar
- Utfordringane må stå i forhold til ferdigheitene
- Meir praktisk og fysisk læring
- Engasjerte og flinke lærarar som er tydelege

3. LÆRANDE PROFESJONSFELLESSKAP

«Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over felles verdier, og vurderer og videreutvikler sin praksis.

Lærere og ledere utvikler faglig, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kolleger. Utøvelse og utvikling av det profesjonelle skjønnet skjer både individuelt og sammen med andre. Faglig dømmekraft forutsetter også jevnlig oppdatering. Læreprofesjonen må derfor vurdere sin pedagogiske praksis for å møte enkeltelever og elevgrupper best mulig.

Alle ansatte i skolen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å videreutvikle skolen. Det innebærer at fellesskapet reflekterer over verdivalg og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderinger som grunnlag for målrettede tiltak.»

Overordna del

TEIKN PÅ GOD PRAKSIS

Tilsette sine kjenneteikn:

Når me som tilsette oppleve:

- At me kan reflektere og erfaringsutveksle med laget
- At me strekk til
- Å få positive tilbake meldingar
- At leiinga stolar på oss
- At me får driva god planlegging med kollegaene mine

Når elevane våre opplever at:

- Dei er trygge og inkluderte
- Oppgåvene er tilpassa elevgruppa og undervisninga er variert
- Dei vaksne er tydelege og har felles reglar
- Det er gode relasjonar i alle ledd
- dei vaksne har eit positivt elevsyn og ei heilskapleg tilnærming til læring

Når me som kollegaer oppleve:

- Tverrfaglegheit i arbeidsmiljøet
- Faglege diskusjonar
- Samarbeid og kommunikasjon i alle ledd, alle veit kva som skjer
- Godt fellesskap og trivsel i kollegiet

Når føresette oppleve:

- Godt skule-heim samarbeid
- Tilsette med eit positivt elevsyn og ei heilskapleg tilnærming til læring
- Elevar som er trygge og inkludert i klassen



Tv-aksjon. Foto: Selevik skule

8 SATSINGSOMRÅDA FOR 2023 – 2028

Satsingsområda byggjer på prinsippa for skulen, og skal synleggjere skulane sitt fokusområde for dei neste åra.

Den einskilde skuleleiar har eit særskilt ansvar for å implementere satsingsområda på eigen skule på ein slik måte at elevane, i klasseromma og på SFO, oppleve meistring og det å vere ein del av eit inkluderande fellesskap.

8.1 DEN INKLUDERANDE SKULE I FITJAR – ALLE SKAL MED

Skolen skal legge til rette for læring for alle elever og stimulere den enkeltes motivasjon, lærelyst og tro på egen mestring.

Elevenes læring og utvikling skal stå i sentrum for skolens virksomhet. Elevene møter skolen med ulike erfaringer, forkunnskaper, holdninger og behov. Skolen må gi alle elever likeverdige muligheter til læring og utvikling, uavhengig av deres forutsetninger.


(Overordna del læreplanverket 17.september 2017)

Inkludering i barnehage og skole handler om at alle barn og elever skal oppleve at de har en naturlig plass i fellesskapet. De skal føle seg trygge og kunne erfare at de er betydningsfulle, og at de får medvirke i utformingen av sitt eget tilbud. Et inkluderende fellesskap omfatter alle barn og elever.

(Meld.St.6 2019-2020: Tett på-tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO)

Sitata over er henta frå to viktige dokument som er kome dei siste åra, [Overordna del av læreplanen](#) og [st.mld 6 – Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO](#). Desse to dokumenta gir oss retning for den opplæringa barn og unge skal forventast å få i barnehage og skule i Fitjar. Elevane skal vera i eit læringsfellesskap som sikrar god inkludering både fagleg, sosialt og psykisk. Det betyr at læringsarenaen til elevane skal vera i eit fellesskap som i størst mogleg grad er tilrettelagt både fysisk og sosialt alt ut frå dei føresetnader eleven har for å læra.

Eleven startar som 5 – 6 åring og skal ha eit 10-årig skuleløp i Fitjar. I løpet av desse åra skal skulen leggja til rette for god opplæring med meistring og lærelyst. Skal fitjarskulen lukkast med dette, må



me byggja lag rundt eleven som har den nødvendige kompetansen for å møte barn med ulike utfordringar.

Framover må Fitjar sikra at dei har kompetanse til å byggja gode lag rundt eleven for å handtera dei aller fleste elevar gjennom tilpassa opplæring.

Skulen har plikt til å tilby intensiv opplæring for elevar frå 1. til 4.klasse lesing, rekning og skriving. Formålet med intensiv opplæring er at elevane raskt skal få eigna støtte når problema oppstår slik at dei ikkje vert hengjande etter. Intensiv opplæring er ein del av den tidlege innsatsen for å sikra at alle elevar får ein forventa progresjon i lesing, rekning og skriving. Elevane skal vera i stand til å følge den allmenne progresjon i undervisninga gjennom den tidlege innsatsen.

Nokre elevar vil ha behov for særskilt tilrettelegging både fagleg og sosialt, og desse elevane treng kompetente lærarar og gjerne andre fagfolk som kan gi den nødvendige opplæring og støtte i skulekvardagen. PPT vil vera ein viktig instans i rettleiingsarbeidet og støtta som skulen treng i dette arbeidet. PPT vil få ei litt anna rolle i møte med desse barna. BTI modellen (Betre tverrfagleg innsats) vil vera arbeidsreiskapen som skal sikra eit systematisk arbeid rundt desse barna. BTI er ein samhandlingsmodell for tenestene som møter barn og foreldra der det er knytt ei undring eller bekymring. BTI modellen sikrar godt tverrfagleg arbeid rundt barna.

I fitjarskulen vil vi det vera eit fåtals elevar med varige og omfattande eller særleg komplekse vanskar. Desse elevane treng å ha gode lag rundt seg der skule, PPT og i nokre tilfelle STATPED vil kome inn med rettleiing og støtte.

For å lukkast i dette arbeidet må barna få gode tilrettelagde tilbod i barnehagen og skule. Overgangen mellom barnehage og skule, og mellom barneskule og ungdomsskule er viktige overgangar som må planleggjast godt slik at ein får god overføring av kompetanse rundt barnet. Dette vil sikra at det vert kontinuitet og tryggleik for barna.



(Foto: Pixabay)

8.2 KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERANDE PRAKSIS

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei nasjonal satsing som skal bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse som er tett på barna og elevar. Dei treng kompetanse til å kunne førebyggje utanforskap, fange opp utfordringar og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har særskild behov for tilrettelegging.

Målet med kompetanseløftet er at:

- Alle barn og elevar oppleve å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule
- Alle barn og unge skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av sine føresetnadar
- Barnehagar, skular, PPT og andre i laget kring barnet og eleven må jobbe saman for å skape eit inkluderande fellesskap
- Det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring.


Skulane og barnehagane i Fitjar har utvikla ein implementeringsplan for perioden 2022 – 2025 som viser korleis ein skal auke kompetansen i skular, barnehagar og PPT. Hausten 2021 kartla Fitjar kommune kva tenestene hadde av kompetansebehov, og desse er vist att i implementeringsplanane. Arbeidet med kompetanseløftet i Fitjar kommune er eit samarbeid med Stord, Tynes og Sveio kommune, saman med HVL som utviklingspartner.

8.3 OPPVEKSTREFORMA – NY BARNEVERNREFORM

1.januar 2022 trådte det i kraft ein ny barnevernsreform. Målet til reforma er:

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa skal vere betre tilpassa barn og familiare sine behov
- Rettssikkerheita til barn og familiar skal verte godt teke vare på
- Ressursbruken og oppgåveløysinga til barnevernet skal verta meir effektiv

Reforma vert kalla ein oppvekstreform då det er fokus på korleis kommunane kan førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Dette er eit arbeid som i stor grad påverke skulane, og barnehagane, i Fitjar kommune. Fitjar har ei arbeidsgruppe kor ein har definert at førstelinetjenesta er helsestasjonstenesta, barnehage og skule. Arbeidet er i oppstarten og det vil her komme føringar for korleis me skal vidareutvikle kompetanse og tenester i vår kommune for å jobbe best mogleg førebyggjande.



9 SKULEFRITIDSORDNING

Verdigrunnlaget om barndommens eigenverdi ruver øvst i rammeplanen:

2.2 Barndommens eigenverdi

Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i selvvilgt lek og tilrettelagte aktiviteter, og gi rom for rekreasjon og hvile. Barnets beste skal alltid være et grunnleggende hensyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som berører dem, og barnets synspunkter skal vektlegges i samsvar med alder og modenhet. SFO skal bidra til barnas mestring og opplevelse av egenverd.

Rammeplanen for SFO

Rammeplanen legg føringa for at SFO skal legge til rette for lek som engasjerer og inspirerer barna, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktivitetane skal ha tydeleg barneperspektiv.

SFO skal legge til rette for at barna får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar. Dette gjer me gjennom ulike formingsaktivitetar og førestillingar.

SFO skal ha eit variert tilbod av fritidsaktivitetar som er tilpassa interesser og forutsetningane i barnegruppa. SFO er ein del av barna si fritid, det er viktig at fri lek skjer i eit miljø som er trygt og som stimulerer til utforsking og skapartrong hos barna. Nærmiljøet og naturen kring skulen utgjer ein viktig ressurs, og det skal leggjast til rette for flittig bruk av desse områda.

I praksis vil dette seia at barna får høve til leika inne og ute, åleine eller i gruppe, dyrka ein hobby eller ei interesse, gå på tur, oppleva kulturell aktivitet, øva seg i samarbeid med fleire aldersgrupper, kvila eller gjera lekser.

10 SKULEHELSETENESTA

Skulehelsetenesta er ein del av kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid, og er organisert under helsestasjonstenesta. Det er eit lovpålagt tilbod til barn og ungdom 0 -20 år, regulert av forskrift og retningslinjer for tenesta.

Føremål med skulehelsetenesta er å;

- Fremje psykisk og fysisk helse
- Fremje gode sosiale og miljømessige høve
- Førebyggje sjukdom og skade
- Utjamne sosiale helseskilnadar
- Førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt (jf. Forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta)

Tilbodet til barn og unge i skulehelsetenesta skal innehalde:

- Helsefremjande og førebyggjande psykososialt arbeid
- Helseopplysning, helseundersøking av einskildelevar, rettleiing og rådgjeving med oppfølging og tilvising ved behov
- Opplysning, bistand og undervisning i gruppe, klasse og på foreldremøte
- Kartlegging for å avdekke risiko for fysiske og psykiske vanskar og skeivutvikling, særleg merksemd på å førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, og sørgje for tilbod om nødvendig oppfølging og hjelp
- Oppsøkkande verksemd ved behov
- Samarbeid med skule om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø
- Samarbeid om habilitering og rehabilitering av barn og ungdom med spesielle behov, jf. kronisk sjuke og funksjonshemma, samt samarbeid om utarbeiding av eventuell individuell plan
- Informasjon og tilbod om vaksinasjon i tråd med Barnevaksinasjonsprogrammet
- Styrking av barn og unges autonomi og ferdigheiter i å meistre sin kvardag og høve knytt til deira fysiske, psykiske og seksuelle helse
- Råd og rettleiing i høve fysisk, psykisk og seksuell helse tilpassa behov hjå ungdom

I Fitjar er det etablert skulehelseteneste ved alle skulane. Det vil i praksis sei at helsesjukepleiarar har faste dagar til stades ved kvar skule. Grad av dekning varierer i høve storleik og lokale behov hjå den einskilde skule.

Det er viktig at skulehelsetenesta har eigna kontor/lokale i møte med elevar og føresette. Det handlar om å ha nok plass til undersøkingar, vaksinasjon og samtale, samt lett tilgjengeleg for elevar å oppsøkje ved behov. Det er ein fordel å ikkje dele lokale med andre tilsette, men ha høve til å nytte det fritt og forme det utifrå arbeidsoppgåver og behov. Det er pr no berre lokale ved Rimbareid barne- og ungdomsskule som svarar til dette.

11 KVALITET I SKULEN

Skolen skal utvikle elevenes grunnleggende ferdigheter og kompetansen som de trenger i møte med samfunnet og senere arbeidsliv. Elevene må også rustes til å ta vare på seg selv og hverandre, til å kunne forstå, håndtere og bygge gode relasjoner med mennesker rundt seg og til å bli aktive og deltakende medlemmer av samfunnet. Skolen skal bidra til at elevene utvikler seg som personer, tilegner seg faglig kunnskap og opplever fellesskap.

St.mld.6: Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO s. 32

Positive faktorer for kvalitet i undervisninga


Elevens identitet og selvbylde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring.

Overordnet del; Sosial læring og utvikling

Faktorer som utfordrar kvalitet i undervisninga

Et raust og støttende læringsmiljø er grunnlaget for en positiv kultur der elevene oppmuntres og stimuleres til faglig og sosial utvikling. Føler elevene seg utrygge, kan det hemme læring.

Overordnet del; Et inkluderende læringsmiljø



12 SKULELEIAR SI ROLLE I KVALITETSARBEID

12.1.1 SKULEN SI LEIING GJER RETNING OG TILRETTELEGG


«Skolen sin leiing skal gi retning for og tilrettelegge for elevenes og lærernes læring og utvikling. Skoleledelsen skal lede det pedagogiske og faglige samarbeidet mellom lærerne og bidra til å utvikle et stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste.»

Forskrift til opplæringslova

Forskrift til opplæringslova pålegg rektor og skulen si leiing jamleg å vurdere om organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa fremjar elevane si læring og utvikling.

Rektor, saman med avdelingsleiarane i skule og sfo, lærarar og andre tilsette skal nytte resultat frå kartleggingar, nasjonale prøvar, karakterresultat, elev- og foreldreundersøkingar som grunnlag for å drøfte eksisterande praksis og vurdere kvaliteten av elevane sitt opplærings- og skulefritidstilbod.

Skulen si leiing skal ha god kjennskap til alle skulen sine resultat og saman med lærarar og andre tilsette vere oppteken av den einskilde elev si faglege og sosiale utvikling.



Fixsen sin modell for implementering

Fixsen sin implementeringsmodell har fokus på 3 kategoriar:

- Definere kjernekomponentar
- Trening, rettleiing og administrativ støtte
- Lojalitet


Dersom ein lukkast med målretta arbeid, trening, rettleiing og ser dei tilsette sine behov vil dei tilsette utvikle og omsetja kompetanse i arbeid med elevane.

13 KVALITETSSYSTEM

13.1 VERKTØY FOR VURDERING AV TILSTAND OG UTVIKLING

[Opplæringslova](#) forpliktar den einsskule skule til jamleg å vurdere i kva for grad elevane sitt opplæringstilbod medverkar til å nå dei målsettingane som er fastsett i læreplanverket. Skuleeigar har ansvaret for å sjå til at den skulebaserte vurderinga blir gjennomført i samsvar med forskrifta. Det inneber blant anna at skuleeigar skal ha system for innhenting av opplysningar som treng for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

Til hjelp for skulane i prosessen med å utvikle og forbetre praksis, gjennomførast det årleg nasjonale prøvar, kartleggingar og elev- og føresette undersøkingar. Resultata skal nyttast til oppfølging av einsskuledelevar, men danna samtidig grunnlag for utvikling av skulen som ein lærande organisasjon. Dette inneber ikkje nødvendigvis at skulen skal tileigne seg meir kunnskap, men at dei tilsette på den einsskule skule i større grad nyttiggjere seg den kunnskapen som allereie finst, som grunnlag for ei betre opplæring for den einsskule elev.



DUEN modellen er ein metode som gjer at ei verksemd alltid er i utvikling og endring. Tilsette skal kjenne til no-status, kor me skal, korleis me skal komme oss dit og evaluering av tiltaka som har vore prøvd ut.

14 KVALITETSUTVIKLING

Systemet for kvalitetsvurdering og skuleutvikling av skulane i Fitjar byggjar på:

1. KONTINUERLEG OPPFØLGING AV RESULTAT

§13-3e - Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.

Kommunedirektøren forventar at skuleleiarane ved alle skulane har eit lokalt tilpassa system for kvalitetsvurdering. Systemet skal bestå av prosedyrar for gjennomføring og oppfølging av elev- og foreldreundersøking, kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar m.m.

2. SKULEBASERT VURDERING

Skulekontoret har 2 dagar leiarsamling med skuleleiinga kvart år. Denne samlinga vert med fokus på følgjande:

- Handlingsplanane til skulane
 - o Evaluering av gjennomførte tiltak
 - o Fokus på innhald og tiltak for neste skuleår
- Tilstandsrapport for skulen
 - o Evaluering av gjennomførte tiltak
 - o Tiltak for kommande skuleperiode
 - o Evaluering av nasjonale prøvar og elevundersøkinga
- Analyse av kjenneteikn på god praksis i skulebruksplanen sin kvalitetsdel.
- Skuleutvikling – korleis jobbar me godt med skuleutvikling og fokusområde for kommande skuleperiode?
 - o Utviklingsdagar og innhald
 - o Evaluering

3. LEIARUTVIKLING I KOMMUNEN

Alle leiarar i Fitjar kommune har delteke på ulike leiarutviklingsprogram. Fokus for dette tiltaket er å styrke leiarane i kommunen på område som drift, utvikling, personalansvar og økonomi. Gjennom 4 samlingar i løpet av 2021 – 2022 vart grunnlaget for leiarplattforma i Fitjar – **Saman for utvikling** - forankra blant alle leiarane i kommune. Gjennom dette utviklingsarbeidet vart også gjennomføring og oppfølging av 10- faktor undersøkinga forankra i organisasjonen.

4. ETATSJEFEN SIN LEIARSAMTALE

Den einskilde skuleleiar har avtale om oppfølging i leiarsamtale med etatsjefen anna kvart år.

5. FAGMØTE

Skulekontoret, skuleleiarar, PPT, helsestasjonstenesta, HTV utdanningsforbundet, og kulturskulen har månadlege fagmøte kor ein drøfte skuleutvikling. Møta har hovudfokus på kvalitet i skulen, evaluering, leiarstøtte og tiltak for kommande periode.

6. SKULANE SINE HANDLINGSPLANAR

Skulane utviklar handlingsplanar for skulane kvart år ved oppstart av skuleåret. Denne handlingsplanen skal reflektere kommunen og skulen sine satsingsområde og prioritering av tema for utviklingstid på skulane. Desse vert gjennomgått og evaluert på felles leiarssamling for skuleleiarane kvart år.

7. ÅRLEG TILSTANDSRAPPORT

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar skal utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten omhandlar læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten dannar utgangspunkt for drøfting om kvalitet i grunnopplæringa i kommunestyret.



Sommartur Selevik skule.
Foto: Selevik skule